

Dahles «Misjonslinje» i den gassisk-lutherske kyrkja fram til i dag

AV SIGMUND EDLAND

I dei første to artiklane har vi sett litt på Dahles direkte innsats og inngrep i den gassiske kyrkja gjennom 50 år (1870–1920).

Men Dahle sin innflytelse blei ikkje borte fordi om han gjekk ut or ledelsen – og døde snart etter. Han hadde sett sitt stempel på samarbeidet kyrkje/misjon så grundig at det ennå i mi studietid i slutten av 60-åra, blei referert til «den gamle gode linja frå Dahles tid (1903)» i misjonshistorietimane på Misjonsskulen.

Dette betyr likevel ikkje at det ikkje hadde skjedd forandringar i det kyrkjelege styresettet på Madagaskar etterat Dahle slutta i NMS. Alt same året (1920) tok tilsynsmannen på Madagaskar, Fredrik Bjertnes, opp spørsmålet om å redusera hovedstyrets «fjernstyring» av arbeidet. Han ba om å få større myndighet delegert til misjonærkonferansen.¹ Forutsetninga var då at konferansen skulle delegera meir myndighet over «interne» saker til kyrkja.

Prinsippet frå 1903 sa jo at gasserne skulle få sjølvstyre i sine egne saker når dei greidde budsjettet sitt sjølv. Men nå hadde fleire av dei sterkaste distrikta alt i fleire år greidd sitt – uten at ein hadde fått meir å seia for det. Det var derfor bare rimeleg at dei begynte å bli utålmodige. Men ein stod oppi så mange vansker då rett etter krigen, så det tok litt tid før ein kom vidare.

Ein Konferanse-komite med Ole Strand som sekretær la fram ei innstilling om ein utvidelse av Comité Mixte på konferansen i 1923. Ein foreslo å gjera komiteen om til ein kyrkjekonferanse med breid innfødt representasjon frå alle sjølvhjelpete distrikt.²

Etter å ha blitt godkjent i alle instansar, kunne den første kyrkjekonferansen for innlandet samlast i Fianarantsoa (6–10 mars 1927). Der møtte 18 representantar frå sjølvhjelpete distrikt og 10 misjonærer. Etterkvart som talet på sjølvhjelpete distrikt auka, skulle også den gassiske majoriteten i denne konferansen auka.

Myndighetsområdet til kyrkjekonferansen blei kraftig auka frå Comité Mixte, med full råderett i mange «indrekyrkjelege» spørsmål. Dessuten skulle kyrkjekonferansen gi innstilling i mange

spørsmål som misjonærkonferansen og hovedstyret skulle avgjera, og det blei snart praksis å fylgja desse innstillingane så sant ein fant det mogeleg. Kyrkjekonferansen fekk derfor i praksis ikkje så lite å seia, sjølv om det ennå formelt sett var eit nokså begrensa sjølvstyre.

Kyrkjekonferansen skulle også få avgi stemme ved tilsynsmannsvalget, og då Bjertnes takka av i 1927, blei ein av dei yngre misjonærana, Ole Strand, valgt. Han peika seg ut som ein lederskikkelse. Han hadde dessuten vist seg som ein talsmann for større gassisk sjølvstyre, så han fekk nok mange av dei 18 gassiske stemmene ved valget.

Kyrkjekonferansen sin periode i den gassiske kyrkja (1927–1950) blei på mange måter dominert av Ole Strand. Som tilsynsmann vart han valgt til ordstyrer, og han deltok på alle konferanser – bortsett frå to år då han var heime – like til han døde i Tananarive i januar 1941.

Strand var ikkje noko maktmenneske, slik som Dahle. Han var lederen som prøvde å dra alle med seg. «Med Strand på dirigentplassen ble disse kirkekonferansene rene undervisningskurs for de deltagende gassiske kirkeledere i demokratiske og saklige arbeidsmetoder.»³ Men Strand var forsiktig og konservativ av natur. Han ville ikkje bryta med Dahles «linje», men byggja vidare på den – og kanskje moderera henne litt. Hans mål var konsolidering av kyrkja og innarbeiding av kyrkjekonferansen.

Nettopp derfor er det interressant å lesa hans vurdering av misjonssituasjonen, slik han uttrykte det i foredraget: «Misjonlinje og kirkedannelse» på konferansen i 1928, då han overtok som tilsynsmann. («Det faller så tungt å glemme» s. 64.) Han slår først fast at misjonens mål er å danna ei sjølvstendig innfødt kyrkje. «Kirkedannelsen, organisasjonsmessig utformet og fastslått gjennom selvhjelps- og selvstyreregler er blitt «misjonens egentlige oppgave», gjenstand for de innfødte ledes kappestrid, misjonærers mer eller mindre selvfølende «faderglede», hovedstyrets velbehag, og misjonsvenners synkende interesse. (...) Kort sagt er selvhjelpen i en hel del menigheter blitt (...) – det sentrale forhandlingsemne, målet og målestokken.» (side 65).

Han framhever det kyrkjedannande i alt strevet ein har hatt, men er ikkje blind for skuggesider ved utviklinga: «Og det tør vel hende at enkelte stundom har følt seg mer som skatteoppkrevere enn evangeliets budbærere. Hvor det slik ikke er så liketil å tilveie-

bringe det nødvendige, blir konsentrasjonen om selvhjelpsproblemet en hemske for annet nødvendig arbeid innen menigheten, spesielt for den gjerning jeg har villet samle under betegnelsen: MISJONSLINJE. Jeg tenker med dette uttrykk på det evangeliserende arbeid både utad og innad →» (side 67).

«Kirkedannelse med sine komponenter følger samlingens og oppbygningens prinsipp. Det er konsolideringen om det felles bærende og forenende. Misjonslinjen derimot representerer ekspansjonen: utover, alltid videre, nytt land, øket område, større tilslutning. (...) Så vidt forskjellige som disse prinsipper er, må nødvendigvis en konsentrasjon om det ene til en viss grad utelukke eller forsømme det annet. Det er således kun en naturlig årsak at mens de 30 første år av vårt misjonsarbeid på Madagaskar stort sett skjedde etter misjonslinjen, så har de siste 30 år – etter at pendelen har svingt – vesentlig stått under kirkedannelsens tegn» (side 68–69).

Strand ser selvhjelpsarbeidet som ein naturnødvendig ting – «livets og utviklingens egen korrektur.» Og likevel så er det ikkje dette som er det egentleg konstituerande for ei kyrkje: «– like så litt ville dette selvhjelpsprogram ført fram til dette stade uten de mange års arbeid på forhånd etter MISJONSLINJEN. Det er nemlig DENNE SOM ER GRUNNLEGGENDE.» (s. 69). Så viser han til kor katastrofalt konflikten mellom desse to linjene slår ut i dei svake distrikta og i utkantane: «Det er i tungt arbeidende selvhjelpsdistrikter en viss tendens til hva en kunne kalle kirkelig amputasjon: Foruten å tære på kassabeholdningen (...) unndrar en menighetslederne økonomisk støtte, inndrar deres stillinger, hvilket ofte vil si det samme som å legge ned arbeidet på vedkommende sted.» (s. 71).

Strand konstaterer så statistisk tilbakegang i fleire selvhjelpete distrikt, og forklarer dette med at kraftanspennelsen med å greia selvhjelpa har viska ut misjonslinja i menigheten. Ein har vore meir opptatt av å pressa pengar ut av dei medlemmene ein har, enn av å vinna nye, kan ein kanskje seia.

Det interessante ved denne programtalen til Strand, er å sjå korleis ein sentralt plassert misjonsleder må gå så kraftig i rette med selvhjelpslinja i misjonsstrategien. Den hadde ført til ein-sidig konsentrasjon om økonomi og organisasjon, med tilsvarende stagnasjon i misjonslinja – evangelisering både på det ytre og det indre plan.

Strand konstaterer ikkje at Dahles «linje» faktisk skar vekk heile misjonslinja i arbeidet, men eit nøyere studium av misjonshistoria, viser at dette langt på vei er rett. Bare i den grad ein kunne setja seg ut over Dahles «linje» kunne ein få fortsatt framgang i utkantstroka. Dei innfødte kunne fleire plasser ikkje slå seg til tåls med ikkje å få driva misjon, og menighetenes misjonsarbeid kom utover i 20-åra så smått i gang att – med eller mot misjonæranes vilje.⁴

At ein måtte setja seg ut over Dahles «linje» var kanskje tydelegast på østkysten. Der hadde arbeidet fått ein knekk ved århundreskiftet pga. opprør og ei omfattande kyrkjestenging frå statens side. Og nye initiativ vart ofte stansa i starten, fordi ein var underlagt innlandskonferansen og dermed Dahles sjølvhjelpslinje. «På kysten var der imidlertid ikke forutsetninger for det nye syn og det nye tempo. Skulle man nå folket der med evangeliet, måtte det flere misjonærer til, samt katekister, evangelister og lærere på misjonens regning ute i hedningebyene. «Også i øst må vi få høve til å rydde, dyrke, harve og så før noen kan kreve å få høste,» hevdet misjonærene fra kysten. Men Innlandet mente at «skal det bygges en kirke, anlegges en skole, tilsettes nye (gassiske) arbeidere på Østmadagaskar, blir det menighetens egen sak», het det under budsjettbehandlingen en gang. Følgen var en jevnt fåtallig misjonærflokk og utilstrekkelige arbeidsbudsjetter til kysten, og den derav følgende stagnasjon i stedet for vekst på mange punkter.»⁵

Først etter Dahles bortgang kom det ny fart i arbeidet på Øst. Ein greidde å riva til seg initiativet, skaffa skikkeleg bemanning og budsjett og byggja arbeidet på misjonslinja igjen. «Og da Moen i sin årsmelding for Vangaindrano 1928 skrev at «der bør og må nu legges mere vekt på evangeliseringen enn på pressering av selvhjelpen,» hørtes ingen protest lenger.»⁶ Etter 40 års arbeid var det ennå bare 5784 menighetslemmer på Øst i 1928.

Etterat Østmadagaskar blei eigen konferansekrete i 1934, har misjonslinja vore lagt til grunn – og sjølvhjelpsarbeidet har supplert denne. Saman med vekkelsane under og etter krigen har dette gjort Østmadagaskar til ein av dei mest ekspansive og misjonerande synodane i FLM.

Vestmadagaskar var eigen konferansekrete like frå 1878, og arbeidet var ennå svakt då Dahle inspiserte Madagaskar i 1903. Dahles prinsipp fekk derfor ikkje så stor betydning på Vest i første omgang, sjølv om ein så smått prøvde å innarbeida sjølvhjelp i me-

nighetens liv heilt frå starten av.

Det var nødvendigvis misjonslinja som måtte vera den dominerande i lang tid framover, og ein opplevde god framgang utover i 20- og 30-åra, då mannskap og budsjett kom opp på eit brukbart nivå. Seinare – då Vestmadagaskar blei nærmare knytta til Innlandet, og ikkje minst då ein fekk felleskonferanse – viste det seg at misjonærene hadde tildels svært ulikt syn på mål og midler i arbeidet. Innlandsmisjonærene blei ofte beskyldt for at dei ikkje forstod problematikken på Vestkysten. Eg trur mykje av desse brytingane kjem av ulikt syn på kva prinsipp ein skulle leggja til grunn i arbeidet: Misjonslinja eller den Kyrkjekonsoliderande linja.

Men også på kystane vart sjølvhjelpsarbeidet drive fram etter kvart, og ein kunne derfor organisera kyrkjekonferansar på Vestmadagaskar i 1943, på Østmadagaskar i 1944, i Sydøst (Fort Dauphin-synoden) i 1948 og i Syd-vest (Betioky-synoden) i 1951. Desses kyrkjekonferansane vart seinare omdanna til det årlege synodemøtet for kvar regionalsynode. Fart og midler i utviklinga av sjølvstyre varierte frå krets til krets – men målet var heile tida klart for alle: **EI SJØLVSTENDIG LUTHERSK KYRKJE FOR HEILE SYDMADAGASKAR.**

Alt då ein starta opp arbeidet på Øst og i Sør i 1888, reiste Arne Valen feltropet: «Det halve Madagaskar for den lutherske Kirke.»⁷ Dette blei på ny understreka då lutheranerne frå alle kretser møttest i Tananarive under det store fellesprotestantiske møtet i 1913. Men krigen sette ein stopper for planane om eit felles-luthersk møte.

Men i 1924 kunne den første felleslutherske konferansen samlast på Ivory, Fianarantsoa (4–5 april 1924). Desse konferansane samlast kvart tredje år, og vart viktige steg på veien mot gassisk sjølvstyre. På møtet i 1939 tok ein opp arbeidet med å gjera felleskonferansen om til ein verkeleg generalsynode – men krigen stansa foreløpig dette arbeidet.

Den andre verdenskrigen ga på mange måter gassernes respekt for den kvite mann ein knekk. Vaknande nasjonalisme ga seg politisk utslag i det misslykka opprøret mot franskmennene i 1947. Dette viste likevel tydelig fram mot frigjeringa i 1960.

Også på kyrkjefronten skjedde det mykje under krigen. Då forsyningslinjene til Norge blei brotne, måtte kyrkja sjølv syta for arbeide sitt. Og kyrkja tok fatt med begeistring – og viste at ho kunne stå på egne bein.

Dette kunne ein ikkje setja strek over etter krigen, og ein starta straks arbeidet for å få ein representativ generalsynode for heile kyrkja. NMS og dei to amerikanske misjonane i sør var nok uenige om framdriftsplanen for denne saka, men i 1949 vedtok ein foreløpige statutter og innkallte den første generalsynoden. Denne samlast i Fianarantsoa 5–14 november 1950. Dermed var FLM endeleg organisert som ei gassisk-luthersk kyrkje.

Ennå hadde misjonærene stor makt i kyrkja, sidan dei hadde sikra seg faste plasser i generalsynoden og blei valde til viktige stillinger i kyrkja. Men denne innflytelsen minka etterkvart, særleg etterat ein i 1961 hadde valgt den første gasser, Rakoto Andrianarijaona, til kyrkje-president og i 1962 innførte valg av synodepresidenter som erstatning for tilsynsmannsembetet.

Men korleis vart samarbeidet kyrkje/misjon ordna? Før hadde misjonen/misjonærene styrt kyrkja. Nå skulle kyrkja styra sjølv. Skulle ho også bestemma over misjonærene som arbeidde i henne?

Dei reformerte kyrkjene gjekk inn på ei slik integreringslinje – og sidan dei på mange måter hadde utvikla det kyrkjelege demokrati dårleg på forhånd,⁸ slo motsetningana snart ut – og dei fleste misjonærene blei sende heim i løpet av få år.

I NMS foreslo Johannes Skauge at våre misjonærer også skulle integrerast under kyrkjias ledelse. Misjonærkonferansen nekta å gå inn på dette. Ein ønska å stå fritt overfor FLM og behalda sin plass som mellommenn mellom FLM og NMS. Ein fekk altså ein nokså kompleks situasjon, der konferansen ville sikra sin innflytelse over kyrkja i ei overgangstid. Dette ga anledning til mykje irritasjon og mindreverdsfølelse hos dei gassiske ledarane. Pastor Rakotomalala, Nordsynodens president i dag, sa det slik, i eit foredrag på Misjonærmøtet på Antsirabe i 1980: Konferansen blei for oss gassarar ofte ei «Vilia misarona – toa misy hena» (Ei gryte med lokk – skal tru om det er kjøtt oppi). Med dette gassiske ordtaket ville han uttrykka litt av den skepsis, sjalusi og forargelse som konferansens innblanding i kyrkjias disponeringer ofte hadde vakt.

Konferansen hadde forandra karakter opp igjennom åra. Då den blei grunnlagt var det omtrent bare misjonsprester som hadde sete der – m.a.o. ei samling av kyrkjeledarar. Rundt århundreskiftet fekk også kvinnelege misjonærer sete og delvis stemmerett der. Og først rundt 1970 fekk misjonærkonene fulle retter i konferansen.

Den store forandringa i konferansen si samansetning kom med

den sterke vekst i skule- og helsearbeid etc. I den siste tida var misjonsprester og aktive distriktsmisjonærer redusert til snautt $\frac{1}{3}$ av forsamlinga. Resten var lærarar, sjukepleiarar, personell ved den norske skulen osv. Desse gjorde jo alle ein god jobb, men forsamlinga var ikkje representativ for kyrkjjas arbeid ute i distrikta. Når derfor konferansen kanskje omprioriterte kyrkjjas søknader osv. til fordel for f.eks, skuleinstitusjoner, måtte det skapa gnissingar.

Mange andre forhold kom til, og under samarbeidsavtaleforhandlingane i 1974, var det eit av hovedkrava frå FLM at misjonærkonferansen skulle vekk som mellomledd mellom FLM og hovestyret for NMS. På dette punktet ville dei ikkje fira, for misjonen hadde alt for lenge gjennom misjonærkonferansen «sikra seg kontroll» over kyrkja – ikkje minst over økonomien. Ein hadde altså fått den situasjonen som enkelte alt i 1902 hadde forutsett: at dersom ein fekk to møter med bestemmande myndighet i kyrkja (konferanse og synode) så ville ein enda opp med kompetansestrid og vanskelege forhold. Dette synet vant ikkje fram hos Dahle og hovestyret hverken i 1902 eller i 1910 (sjå foregåande artikkel) og konsekvensane var uunngåelege.

Kunne ein unngått problema ved å integrera misjonærene under kyrkjjas ledelse på eit tidligare tidspunkt? Kanskje ein kunne redusert uviljen mot konferansen, men vi kunne og skaffa oss andre problem som kanskje var alvorlegare. Vi har alt nevnt at dei reformerte kyrkjene som prøvde denne modellen, snart mista alle misjonærene. Misjonslinja stoppa heilt opp, og arbeidet i svake strøk braut stort sett saman, mens arbeidet i veletablerte storbymenigheter blomstrer under innfødt ledelse. Nå gjorde nok den independentiske tradisjonen i den reformerte kyrkja – utan nokon sterk sentraladministrasjon – henne særleg sårbar for ei slik utvikling.

Men også dei amerikanske misjonane i sør valde ei meir integrert linje i arbeidet sitt enn NMS. Nå opplever dei ein rekruteringssvikt som nok delvis har sin grunn i vanskelege arbeidsmuligheter og samarbeidsformer, sjølv om vi ikkje skal dekkja over rekruteringsvansker generelt i Amerika. Vi risikerer også i NMS å få ein større avgang på misjonærpersonell etterat vi blei integrert under FLM's ledelse i 1975. Ja, vi kan alt registrera ein drastisk tilbakegang i misjonærtallet dei siste par åra. Men dette kan like mykje skuldast den manglande vilje til å rekrutera misjonærer til Madagaskar, som Landstyret viste i ein del av 70-åra.

Konferansen ville gjerne «sikra seg kontroll» for å kunna priori-

tera misjonsarbeidet, hevdar ein. Vel og bra, for kyrkja har vore inne i ein periode der oppbygging av organisasjon osv. har fått mest all oppmerksomhet. Og som Strand konstaterer i det avsnittet vi siterte ovanfor, vil ein sterk konsentrasjon om det kyrkjekonsoleiderande måtta føra til ein svekkelse av misjonslinja i kyrkja. Misjonen har difor måtta pressa på for å få misjonslinje akseptert i arbeidet. Ein oppretta m.a. i begynnelsen av 70-åra ein evangeliserings-aksjon med støtte frå Strømmestiftelsen i Norge. Denne har fått bety mykje for å få misjonslinja tilbake til heder og verdighet i FLM.

Det er dessverre slik at i alt strevet med sjølvhjelp og sjølvstyre har mange mista synet for misjonslinja. Det var dette eg opplevde så sterkt som ung misjonær og som eg refererte i første artikkelen: At ein menighet nekta å ta noko ansvar for hedningane utanfor sitt eige «område». Det skulle framleis vera misjonens ansvar og kostnad, slik det alltid hadde vore. Dette er m.a. ei frukt av at vi tok frå den gassiske kyrkja misjonsdimensjonen ved Dahles inngrep i 1903 – og vi har seinare aldri fått den skikkeleg på plass igjen. Vi har med andre ord mislukkast på eitt vesentleg punkt i vårt kyrkjebyggande arbeid.

Fridtjov Birkeli skriv i ein instruktiv artikkel m.a. fylgjande: «–formelen «fra misjon til kirke» må først og fremst bety at den mer eller mindre fremmede *misjonskirken* må utvikle seg til å bli en «hjemlig» *misjonerende* kirke. Altså: hvilke forandringer og utviklinger enn finner sted, så må misjonsgløden fortsatt ha hjemme i kirken. Og kirken må være slik beskaffen at den kan nå så mange som mulig med evangeliet, og makte det bedre enn en fremmed misjon eller fremmedstyrt kirke.»⁹

Her har også FLM ennå eit stykke vei å gå. Ennå har den ikkje tatt misjonsoppgaven for sin hedenske nabo fullt på seg, sjølv om gledelege ting har skjedd. Er det kanskje vår instilling – at vi som misjonsselskap har eit spesialoppdrag for hedningane her på Madagaskar – som hindrer dei å gå fullt inn i denne oppgaven? (kfr. Dahles syn på eit misjonsselskaps rolle.)¹⁰ Har vår innsats her på Madagaskar gjennom vel 110 år vore forfeila eller forgjeves? Nei, langt ifrå. FLM er i dag ei av dei store unge lutherske kyrkjene i den tredje verden. Og ei lang rekke misjonærer har gjort ein stor og trufast innsats for å byggja opp kyrkja – utifrå dei forutsetningane som var lagt til grunn.

Kunne vi ha rukke meir dersom vi hadde lagt Synode-vedtaket

frå 1902 til grunn for samarbeidet Kyrkje/misjon? Det er eit vanskeleg spørsmål å svara klart på, m.a. fordi ein veit lite om kva problem vi ville fått med koloniregjeringa. Men kanskje vi kunne ha unngått mange strider og vanskeligheter i overgangen til kyrkjeleg sjølvstyre, dersom ikkje prinsippene var blitt strekte så stramt av Dahle i 1903. Og ikkje minst: Kanskje vi kunne greidd bedre å bevare misjonsgløden i den unge kyrkja.

La meg slutte med ennå eit sitat av Birkeli: «Men her ligger en av de store oppgaver i dag: ved Ordet og misjonærer søke å gjøre disse kirker til det de ikke er: et redskap for misjonsoppgaven.»¹¹

Misjonstida er ennå ikkje forbi på Madagaskar, men vår oppgave er ikkje lenger å styra eller kontrollera kyrkja. Dahles «linje» i den gassiske kyrkjas liv, forsvant definitivt ut med den nye samarbeidsavtalen som trådte i kraft i 1975. Og det var på høg tid – i revolusjonsåret.

Men ennå har vi ein oppgave med å inspirera og peika på misjonsoppgaven – ikkje som eit spesialoppdrag for oss sjølv, men som ein integrert del av kyrkja sitt eige oppdrag.

NOTER

1. Det Norske Misjonsselskaps historie i hundre år. Bind IV. Fridtjov Birkeli, s. 252 (Stavanger 1949).
2. Anf.skr. s. 254.
3. Det faller så tungt å glemme -. Misjonslyrikk og misjonsforedrag av Ole Strand. Stavanger 1946, side 18. I dei fylgjande sitata frå denne boka vert sidetala refererte i teksten.
4. NMSs 100-års historie, s. 266. Fandriana distrikt fekk begynna ein lovande misjon i skogen. Sjå konferansereferat 1925 s. 89, og følgande år. På Antsirabe derimot blei det mye bråk mellom presten Rajaona og misjonærene/konferansen. Eit av dei store stridspunkta var at menigheten dreiv sitt eige misjonsarbeid – på bekostning av fellesarbeidet. Sjå konf.ref. 1922 s. 130f, og 1923 s. 77f. Sjå også: Mijoro. Tantaran'Itompokolahy RAJAONA Pastora tao Antsirabe sy ny asany. Antsirabe 1968, side 43f.
5. NMS's historie i hundre år. Bind IV, s. 480 (G. Nakkestad).
6. Anf.skr. s. 481.
7. Anf.skr. s. 137 (F. Birkeli).
8. NOTM 1954, nr. 2. Hans Buvarp: En kirkes livsfunksjon – Misjonssyn og misjonspraksis, side 86.
9. NOTM 1957, nr. 3: F. Birkeli: «Fra misjon til Kirke». Noen bemerkninger om en omstridt formel, side 135.
10. Inspektionsreisen til Zulu og Madagaskar i 1903. Indberetning til Generalforsamlingen i Bergen 1904. Stavanger 1904, s. 46.
11. NOTM 1957, nr. 3, side 136 (sjå note 9).